


NR. 3

MARS/APRIL 1983

16. ÅRG.



Altertavla i Ytre Arna kyrkje.

G
O
D
P
Å
S
K
E

Det er vår bror

*Det er vår bror som henger der,
forlatt av alle sine.
Alene i sin dype angst.
Alene i sin pine.
Det er vår bror, den kjære,
som all vår synd vil bære.*

*Til døden har Han elsket oss!
Foraktet, slått og såret
bar Han oss alle hjem til Gud,
vår straff har Jesus båret.
Vår Frelser vil Han være.
Gi Jesus pris og ære.*

Eyvind Skeie

KYRKJELYDSSKULEN: KURS FOR ELDRE s. 6

Fra vugge til grav – fra jul til påske –

Luk., 23, 42 og 43: «Og han sa: «Jesus, husk på meg når du kommer i ditt rike!» Jesus svarte: «Sanne-
lig, jeg sier deg: Idag skal du være med meg i Paradis».

Du som holder dette Påskenum-
meret i hånden, gjør deg vel også
av og til noen betraktninger over
hvordan ditt liv har artet seg fra
du lå i vuggen - ? Ordene fra
Lukasevangeliet forteller altså
hvordan Jesus endte sitt liv - på et
kors mellom to forbrytere! Det er
ikke så mange ukene siden vi var i
kirken og hørte om Jesusbarnet i
krybben i en stall. I mellomtiden
har livet gått sin gang. Mens dette
skrives er vi midt i fastetiden - ti-
den til ettertanke - til bibellesning
og bønn! Kanskje noen som leser
dette ennå ikke har fått se fasteti-
den slik? En del av tiden fra vugge
til grav - en del av et menneskeliv!
Hva ble det av? Hva var meningen
med livet ditt og mitt? Skulle det
bare dreie seg om kav og mas?
Om å få det best mulig her i livet -
materielt sett? Om familie, ven-
ner og om å ha det godt på alle må-
ter?

Vitjing på dåpsdagen

Vi er flinke til å hugse fødsels-
dager, men det er ikke så ofte vi
hugsar på dåpsdagen. Men vi veit
at også dåpsdagen er ein viktig
dag som det er grunn til å merke
seg.

Arna kyrkjelyd vil no prøve å vi-
tje heimane på dåpsdagen dei tre
første åra etter dåpen og levere ei
helsing frå kyrkjelyden. I Ytre Ar-
na har vi alt hatt ei slik ordning ei
tid. Tredje gongen vil borna få
invitasjon til søndagsskule.

Vi ynskjer på denne måten å
halde kontakt med heimane den

Så skjer det noe - noen av dine
nærmeste dør - noen du kjenner,
kanskje. Tankene beveges mot
vår egen grav, for den kommer
helt sikkert. Et øyeblikk stanser
du opp, men bare et øyeblikk, så
raser du videre - arbeid, møter,
avtaler, fritidsbeskjeftigelser
osv., osv.

Høytider som jul og påske stan-
ser oss opp på så forskjellige må-
ter. Dette øyeblikket du leser disse
ordene er kanskje din sjanse til å
få en forandring på det hele. Vi
har alle noe å lære av påskens bud-
skap - det ble Jesu død, men min
og din redning! Den ene forbryte-
ren på korset fikk sin sjanse, grep
den - og ble frelst. Den andre bare
hånte Jesus. Hvem av dem vil du
lære av? Husk: Du kan begynne
NÅ!

Velkommen til alle påskens sam-
linger om Guds Ord.!

*-Og finner du Ham i krybbens hø
som hyrder så.
-Da eier du nok til freidig å dø
og leve på!*

Trygve Helge Kleppestø

første tida etter dåpen. Borna som
vert døypte er ikkje berre foreldre
og fadrar sitt ansvar, men også
kyrkjelyden har del i dette ansva-
ret. Det er viktig at borna får lære
kristen tru å kjenne etterkvart
som dei veks til og vi ynskjer å ve-
ra til hjelp for heimane med denne
viktige oppgåva.

Soknerådet har vendt seg til ein
del personar i kyrkjelyden med
spørsmål om å vere med i dette ar-
beidet, og vi reknar med å kome i
gang i midten av april.

Ø.

Kurs i ferieopphald for eldre

Kyrkjelydsbladet får ofte spør-
smål om å ta inn notisar om dette.
Vi kan ikkje få plass til alt, men
nemner denne gongen at **Framnes
Folkhøgskule** har folehøgskule-
kurs for eldre i tida 18.-22. april.
Adr.: Norheimsund. Innmelding
innan 8. april. Tlf. 055.51 033.

Det Norske Misjonsselskap har
overtake «Vår nestes feriehjem» i
Strandebarm og tilbyr ferie-
opphald i tida 30.5-18.8 med 10 da-
gar for kvar gruppe.

Misjonssenteret Kvamsseter på
Kvamskogen har også ferieopp-
hald for eldre til ulike tider i som-
mar.

Nærare opplysningar: NMS
kretskontor, Ø. Korskirkealm. 9,
tlf. 05.31 00 61.

FASTEBØSSENE

Vi minner om innlevering av
fastebøssene med gåve til Kirkens
Nødhjelp, helst innan 20. april.
Bøssene kan leverast ved alle
gudstenester i kyrkjene, på
kyrkjekontora og elles desse sta-
dene:

Vestlandsbanken, Indre Arna og
Ytre Arna.

Sparebanken Vest, Indre Arna og
Ytre Arna og Espeland.

Smått og Stort, Arnatveit.

Espeland Gartneri.

K. Thunestvedt, Haukeland.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, Peter Jepsensv. 39:

Tlf. 24 23 03.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30

SOS fra ett- åringen i Arna

Jeg (Evy – altså ettåringen i
Arna i år) har tenkt å bli værende
her i menigheten ett år til (da jeg
liker meg så godt). Jeg skal stude-
re på lærerakademiet i Bergen,
men vil fortsette å bo i Arna da jeg
og kan være med i litt menighets-
arbeid på si. Og til dette trenger
jeg ett nytt husvære da det jeg har
nå skal leies ut til den nye ett-
åringen som eventuelt kommer til
høsten. Jeg trenger hybel fra juli
måned av og det vil være meget
gunstig om den var sentralt
beliggende i Arna.

Henvendelse (alle mottas med
stor takk!) Arna kirkekontor tlf.:
24 04 00, mandag - torsdag mellom
kl. 10.00-14.30.

HJERTELIG!

Konfirmasjon i Trengereid kapell

søndag 24. april kl. 11.00.

Jon Henry Arnesen
Leif Arild Falkanger
Roald Kåre Herland
Dan Inge Kjellesvik
Einar Georg Mortensen
Geir Magne Trengereid
Kjell-Frode Vågane
Linda Beate Anthun
Vigdis Ingebrigtsen
Merethe Vågane
Tone Øijord

Tips til påskepynt:



Sommerfugler symboliserer oppstandelsen

Påskan står for døren, og vi gleder oss til å pynte husene våre med glad påskepynt, gule kyllinger, påskeegg og nysprunget løv. Alle disse tingene symboliserer på forskjellige måter at det nye livet spirer fram. Og dette er også det sentrale budskapet i påkehøgtiden: Jesus som var død, sto opp til nytt liv!

Men et gammelt oppstandelsesymbol er kanskje ukjent for mange, sommerfuglen. Sommerfuglens livsløp er så godt kjent at også små barn kan få mye ut av dens symbolikk.

Har du lyst til å pynte bordet ditt på påskedag med sommerfugler eller lage en sommerfugl-uro til å ha i vinduet? Her har du en enkel beskrivelse av hvordan du kan lage sommerfugler av halm. 15

halmstrå legges oppå en tråd på bordet. Ta tråden to ganger rundt halmknippet og lag en knute, fig. 1. Stråene må ligge jevnt og tett etter hverandre. Et tykt halmstrå som skal bli sommerfuglens kropp, blir klippet spiss i den ene enden og sys fast til vingene, fig. 2. Det øverste strået på hver side av hodet blir sommerfuglens snabel. Vi syr «tråklesting» over og under stråene fram og tilbake på vingene og bruker forskjellige farger på tråden. Pass på at snabelen ikke blir brukket. Til slutt klipper vi vingene i den rette fasongen og bøyer snabelen pent. Fig. 3 viser den ferdige sommerfuglen fra baksiden. Sommerfuglene er vakre på påskebordet, særlig om du bruker grønn duk.



4

Den første kristne påska var ikkje ein turist- og høgfjellspåske



Vi har påskefri ei veke, ofte høgt til fjells. Men opphaveleg vart påska feira gjennom eitt døgn.

I våre dagar har påska blitt ein turistfest som strekkjer seg over nesten to veker. Byane er tomme, og folk dreg til fjells. Påska for dei første kristne var noko heilt anna. Ho stod i korset og oppstoda sitt teikn og vart feira i løpet av eitt døgn, fortel fakultetslektor Oskar Skarsaune ved Menighetsfakultetet. Gjennom opplysningar frå kyrkjefedrene kan vi få eit godt bilete av korleis dei kristne feira påska si omlag år 200 e.Kr.:

Påskefeiringa byrja først kvelden før vår første påskedag. Då samla kyrkjelyden seg for å minnast Jesu lidning og død. I Lilleasia hendte dette alltid om kvelden 14. Nisan, altså same kvelden som jødane feira påskemåltidet sitt. Medan jødane åt, fasta dei kristne. For dei var tida for glede og fest endå ikkje komen. Heile kvelden og natta var dei saman i bøn og fa-

ste. Først ved morgongry kom det store omslaget: Herren er oppstanden!

Også i andre delar av kyrkja vart påska feira slik, men mange valte å vake og faste natta før den første sundagen etter den 14. Nisan. Det var også denne måten som til sist sigra, og som vart vanleg skikk i kyrkja.

Opphaveleg vart altså påska feira i løpet av eitt einaste døgn, fra laurdag kveld til sundag morgon. Først seinare byrja dei kristne også å feire minnet om Jesu død, på fredagen før påskedag.

Det er lett å førestelle seg at denne vakenatta, som vart avløyst av jubelen og gleda påskemorgonen må ha vore ei mektig oppleving. Særleg ei gruppe i kyrkjelyden levde intenst med, dei skulle døypast. Omkring år 200 var det vanleg praksis i kyrkja å ha dåp på påskedagsmorgonen. Etter omlag tjå månader med undervisning var no den store augneblinken komen då dei i dåpen skulle døy bort frå heile sitt gamle liv, frå heidenskap og synd, og stå opp til eit nytt liv med Kristus og bli medlemmar i hans kyrkjelyd. Ikkje noko tidspunkt kunne passe betre enn påskedagsmorgonen. Då stod Kristus opp frå dei døde, og i dåpen står vi opp med han til eit nytt liv.

Slik omlag var den eldste kristne påskefeiringa. Det var inga turist- og høgfjellspåske. Det var ei påske i korset og oppstoda sitt teikn, med bøn og faste, men også i stor og inderleg glede.

Jesus er oppstanden, ja, han er sanneleg oppstanden!

5

Å veksa i alder og visdom

Er du pensjonist — eller førebur du deg til pensjonsalderen? I alle høve — om du er over 60 år — skulde dette kurset truleg vera noko for deg.

Kurset går over 4 torsdagskveldar, 14. april - 5. mai.

Stad: Kyrkjelydshuset i Ytre Arna.

Tid: Kl. 18.00 - 20.30.

Kursavgift: 50 kr. (80 kr. for ektepar).

Påmelding: innan onsdag 6. april til Arna kyrkjekontor, 5265 Indre Arna, tlf. 24 04 00/24 02 15 eller Ytre Arna kyrkjekontor, Peter Job-sensv. 39, 5265 Ytre Arna tlf. 24 23 03.

Skyss: Det vert organisert køyring til kurskveldane. Dei som ynskjer skyss, melder frå om det ved påmeldinga.

Vi reknar med deltakarar frå heile Arna!



Program

14. april:

Å vera pensjonist v/Arthur Aske-land.

Sinnet i alderdommen v/lege Ha-rald Nygård.

21. april:

Kroppen i alderdommen v/lege Helge Helgesen.

Bibelens tale om livet etter døden v/res.kap. Harald Sundsbø.

28. april:

Finst det ei meining med lidning og sjukdom? v/sjukehusprest Ras-mus Lassen.

Å møte sorg og død v/sokneprest Øyvind Øy.

5. mai:

Kva vil Gud med oss i alder-dommen? Kontakten med familie, vener, naboar og kyrkjelyd v/lek-tor Kjellfrid Kjær Smemo og lek-tor Erling Smemo.

Kurskveldane vert lagt opp med foredrag og høve til samtale og spørsmål. Det vert også enkel ser-ving.

Misjonsglimt



Be og spark!

«Be og spark» er blitt et motto-ord blant norske misjonærer i fjel-landet Bhutan. Mange strabaser møter dem, og noen ganger kan vanskelighetene bli så store at de ikke vet råd. Det var en slik situa-sjon som skapte uttrykket «Be og spark». Legemisjonær Jan Ørnulf Melbostad forteller:

Det er alltid godt å få øye på jee-phen og kunne glede seg til å kome hjem. Denne gangen hadde vi med oss en svært syk Bhutaner også. Vi hadde funnet henne i en landsby, og folkene der hadde båret henne en hel dag, opp på bil-veien. Hun var så syk at vi var redd for at hun ville dø.

Det var mørkt og stjerneklart og bitende kaldt da vi hadde fått sta-blet alle inn i jeepen og la i vei hjemover mot sykehuset. Jeg kik-ke stadig bak i bilen for å se hvor-dan det stod til med pasienten. Veien hjem var uendelig lang den kvelden.

Da med ett — vi var høyere oppe enn Norges høyeste fjell — stanset bilen. Hva vi enn gjorde, var det ikke mulig å få blåst liv i den. De-rikk blåste det en iskald vind fra nord, og de millioner av stjerner over oss gav ikke rare varmen. Den syke bak i bilen frøs og led vondt.

Kjære Gud —.

Jeg ba til Gud og lovte Ham å bli en knakende kjekk kar om Han bare kunne la bilen gå denne ene gangen. Aldri skulle jeg klage over noen ting, bare være takk-nemlig og glad

Den syke ble stadig svakere, og bilen ga ikke lyd fra seg hva vi enn

gjorde. Kunne ikke Gud hjelpe oss nå når Han så hvor kinkig situa-sjon vi var i? Han kunne vel umul-ig mene at den syke skulle dø mel-lom hendene våre på grunn av den fellebilen?

Jeg sparket inn i motoren, for-tvilet, ergerlig og motløs. Da star-tet bilen. Og gikk som en klokke helt til Riserboo, hvor pasient og turfolk ble tatt hånd om. Etter det- te heter det «Be og spark».

Det finnes sikkert mer for-nuftige måter å reparere en bil-motor på. Men der mennesker ik-ke kan mer, sier Jesus: «Be, så skal dere få». Pasienten ble red-det. Bare Gud vet hvorfor og hvor-dan.



Sokneråda på tur

Fredag 20. og laurdag 21. januar var sokneråda, dei tilsette i kyrkjelydane og formenn i nemn-der og utval på tur til Kvamsseter på Kvamsskogen.

Tida vart godt nytta til drøfting av ulike saker. Hovudemnet denne gongen var å verta kjend med og drøfta det arbeidet som vert gjort for å få ei samordna dåpsopplæ-ning i kyrkja. Institutt for kristen oppseding har utarbeidd eit pro-gram for kyrkja til å ha kontakt med dei døypte på ulike alders-trinn, og vi drøfta kva som vert gjort og kva som kan gjerast i vå-re kyrkjelydar.

Dessutan var det bibeltid om: Kva er ein kyrkjelyd, og ei sam-ling med tema: Aktuelt i kyrkje-lydane. Til denne samlinga skulle deltakarane kome fram med ting dei var glade for, det dei ikkje var nøgde med og det ein ville arbeida med i kyrkjelydane. Ut fra desse refleksjonane vart det ein nyttig samtale.

Familieside

Døypte:

Arna Sokn:

- 30/1: Monica Gjerde, døypt i Strusshamn.
20/2: Lena Tveit, Anita Berg, Linn Hege Misje, Elisabeth Erdal, Christian Tveit, Erlend Breck Helland, Arnfinn Dyrøy Jørgensen.
27/2: Marianne Svendheim, Even Eikanger, Lene Solberg, Tor Erik Rolland, Trine Assersen Olsen.

Ytre Arna Sokn:

- 6/3: Kristoffer Hansen, Aleksander Revheim.

Ofringane i kyrkjelydane

ARNA:

- 6/2: Kyrkjelydsarbeidet kr. 1.041
13/2: Israelsmisjonen kr. 1.421
20/2: NMS kr. 2.420

YTRE ARNA:

- 6/2: Høyreanlegg i kyrkja kr. 2.866
20/2: DNM, offer kr. 1.991
20/2: DNM, kollekt kr. 1.575
27/2: Norges kr. ungd.forb. kr. 303

Innkome til høyreanlegg i Ytre Arna kyrkje

Sidan forrige nummer av Kyrkjelydsbladet er det kome inn kr. 2.700 i gåver + offeret i kyrkja 6.2 kr. 2.866. I alt har ein no fått inn kr. 7.621.

Av gåvene er kr. 500 frå eldre-treffet på Flatane. Gåver kan ein betala inn over bankkonto: 3633.51.16954 med adresse: Ytre Arna sokneråd, høyreanlegg.

Kostnaden på høyreanlegget som no er til godkjenning i kommunen, lyder på kr. 27.600.



KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Laila Ueland, Tor Hornstvedt, Harald Sundsbø.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 25,-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Presten
har
ordet



Harald Sundsbø

Husmøte

Kyrkjelydsveka i Arna opptok ein gamal møteform: å ha husmøte. Ei rekkje heimar vart opna, og folk møtte fram. Fleire hadde det nok vore plass til.

Møta gjorde oss betre kjende med kvarandre. Me snakka om korleis me som kyrkjelyd skal visa omsorg for kvarandre og korleis nye betre kan finna sin plass mellom oss.

Ein høyrer ofte sagt at foreningslivet gjekk så mykje betre før. Fleire var med og alt var lettare. No har me meir fritid enn før, men synest å ha mindre tid til å vera saman med andre. Folk bur tettare enn før, men talet på ein-same menneske aukar og aukar.

Ein kyrkjelyd skal vera eit fellesskap der menneske kan kjen-na seg heime. Der ei skal visa omsorg for andre menneske og kjen-na omsorg frå andre. Det er ikkje noko me har funne på i dag, men det har sitt grunnlag i Bibelen og har vore der frå dei første kristne.

Samfunnsutviklinga i dag gjer at me treng minna kvarandre om dette på nytt. Som kyrkjelyd må vi aldri verta oss sjølve nok. Me må vera opptekne med å gje plass for nye. Ikkje «skremma» dei bort med eit granskande blikk, men visa ei innbydande haldning og aktivt gjera noko for at dei skal finna

seg til rette. Det er ei oppgave for alle i kyrkjelyden.

Ein høyrer ofte sagt at «terskelen» til kyrkja er høg. Eg trur ofte den vert kjent høgare enn den er. Ein kyrkjelyd er ikkje ei samling feilfrie menneske. Når ein møtest der skal ein ikkje ha som mål å visa blankpusa og feilfrie fasader. Nei, der samlast menneske som treng Jesus. Som startar gudstenesta med syndsvedkjenning og ber om Guds tilgjeving og nåde. Det er ikkje ei samling vinnarar i alle livssituasjonar, men alle er taparar framfor Gud.

Kanskje det perspektivet kan gjera «terskelen» lavare for dei som står utanfor kyrkjedøra. Og kanskje det kan vera ei påminning til oss i måten me møter menneske på.

MØTE

Arna bedehus:

- 22-27/3: Møteveke v/Nils Bognøy. Song og musikk på alle møtene.
10/4: Lovsangkveld. Desse deltar: Helga og Peder Leithaug, Aud og Per Bjørkhaug og Arna Ten Sing.

Betania, Lone:

- 22 og 24/3: Møte v/Magne Marthinussen frå Det norske Misjonsselskap kl. 19.30.
27/3: Møte v/M. Marthinussen kl. 16.30.

Haugland bedehus:

- 31/3: Festsamvær kl. 18.00.

Ytre Arna bedehus:

- 1/4: Møte v/Indremisjonen kl. 19.00.

Kyrkjelydstreff:

- 24/4: Arna bedehus kl. 19.30. Generasjonstreff.

Kyrkje- nytt i ARNA



ARNA

Årsfest Arna kyrkjelyd: Sondag 13. febr. var det årsfest i Arna bedehus. Soknerådet la fram årsmeldinga, og vi fekk ei god innføring i det omfemnande arbeidet i kyrkjelyden.

Vi kan ikkje ta med så mykje her, men nemner at loftet på Borgstova no er oppussa og teke i bruk. Soknerådet arbeider med ei besøksteneste med helsing til dåpsborna. Kyrkjelydstreffa starta opp som eit tiltak for å styrkja fellesskapet i kyrkjelyden, og dei har fungert godt. Soknerådet inviterte også til medarbeidarfest for alle frivillige medarbeidarar, og det var ei storsamling i Arna bedehus.

Oppslagstavle i kyrkja. Det er no på plass oppslagstavle i Arna kyrkja. Der vil ulike kunngjeringar verta sett opp og ein vil også finna brosjyrar til utdeling.

YTRE ARNA

Nytt salmehefte i kyrkja: Soknerådet har kjøpt 50 stk. av Salmer 1973. Tidlegare har det vore gjort vedtak om å bruka salmar frå dette heftet i gudstenestene, men då vart det ikkje kjøpt hefter til kyrkja. I praksis har det vore vanskeleg å nytta salmar derfrå. Sidan det vil ta noko tid før den nye salmeboka er ferdig, kjøpte ein heftet no. Når ein skal syngja sal-

mar frå Salmer 1973 vil dei stå 0 framfor salmenummere på tavla i kyrkja.

Hybel: Frå hausten vil Ytre Arna kyrkjelyd få ein «eittåring». Det er ein gut rundt 20 år som vil arbeida eit skuleår i kyrkjelyden mot at kyrkjelyden betalar mat, hybel og lompepengar. Har nokon hybel til leige for denne tida, vil soknerådet gjerne vita det. Kontakt nokon i soknerådet eller Kyrkjekontoret tlf. 24 23 03.

Kyrkjelydshus i Arna

Sondag 13. februar var det tillyst soknemøte i Arna om bygging av Kyrkjelydshus. Soknerådet orienterte om arbeidet som er gjort og planane som ligg føre. Ein ba soknemøtet om ei uttaling om det skulle byggjast kyrkjelydshus. Frå komitéane som i fleire år har arbeidd med dette, var det gjort eit grundig arbeid. Etter litt debatt, gjorde soknemøtet samrøystes vedtak om at det skal byggjast kyrkjelydshus.

Det vil også seia at Kyrkjelyden tok på seg eit ansvar for å skaffa dei 1.7 mill. kr. dette vil kosta.

Utfordringa til å vera med på det vil nok alle møta i tida som kjem.

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

EPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

EPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørages oppsatt.

Banken i Arna frå 1866

SPAREBANKEN

AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste



Aut. bilverksted
Aut. dekkforhandler

GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!

GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har laveste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP AIS

Ytre Arna — telefon 24 11 88
Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kje-
de av elektriske forretninger
EL-KJØP

Velkommen til kyrkje



Palmesundag, 27. mars:

Arna kl. 11.00: Prost Stormark. Offer til Menigjetsfakultetet.

Skjærtorsdag, 31. mars:

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Skriftemål kl. 10.30.

Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Skriftemål kl. 10.30.

Trengereid kl. 18.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Takvam kl. 16.30: Sokneprest Øy. Nattverd.

1. april, langfredag:

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø.

Arna kl. 19.00: PASJONSKONSERT

Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy.

Arna Helseheim kl. 16.00: Res.kap. Sundsbø.

3. april, påskedag:

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Offer til Den norske Sjømannsmisjon.

Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Offer til Den norske Sjømannsmisjon.

Trengereid kl. 11.00: Sokneprest Sellevold.

4. april, 2. påskedag:

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til kyrkjel.arbeidet.

10. april:

Arna kl. 11.00: Familiegudsteneste v/døveprest Asgeir Straume. Offer til Kyrkjelydshuset.

Ytre Arna kl. 11.00: Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Offer til Israelsmisjonen.

17. april:

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til Blå Kors.

Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til Sygna vidaregåande skule. Kyrkjekaffi.

24. april:

Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Offer til kristenfolkets edruskapsråd. Kyrkjekaffi.

Ytre Arna kl. 19.00: Res.kap. Sundsbø/sokneprest Øy. Samtalegudsteneste for konfirmantar.

Trengereid kl. 11.00: Konfirmasjon v/sokneprest Øy. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

1. mai:

Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til bedriftsmisjonen.

Ytre Arna kl. 10.00: Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste. Offer til Kristne Arbeideres Forbund.

Frist for innlevering av stoff til nr. 4: 1. april.